

## Debutkonsert for Uskedalen-aspirantar

29.10.2008



To uskedelinger gøymmer seg bak althorna til høgre – det er Anine Enes og Ann Helen Rød. Til venstre står Kari Eide og Margrethe Haugland frå Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**”Den skal tidleg krøkjast”.** Dette gamle fyndordet gjeld i høg grad også på det musikalske område. Det er ikkje lenge sidan skulemusikken i Uskedalen fekk åtte nye aspirantar, men allereie onsdag føremiddag hadde dei konsertdebuten sin, under ein barnehagekonsert.



Fem aspirantar frå Uskedalen spelar kornett og baryton i Rosendal. Frå venstre står Frida Nybakk, Martin Y. Røssland, Karen B. Pedersen, Merethe Myklebust og Joakim Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det skjedde i amfiet på Malmanger skule i Rosendal, der det vart halde dobbeltkonsert i regi av kulturskulen. Debuten var svært lovande! Først spela fem av aspirantane saman og deretter spela to av dei saman med to frå Rosendal.

I tillegg til aspirantane var også ein velkjend og rutinert musikanter frå Uskedalen i aksjon – det var Lars Andreas Sæbø.

Publikum var henta frå barnehagane i Rosendal og Uskedalen og dei var rause med applausen etter ein konsert der kulturskule-elevane viste at dei allereie har lært mykje.

No ventar vi berre på ein tilsvarande konsert i Uskedalen, i eit nytt år.....

Av Ola Matti Mathisen.



Det var ei fin konsertstund på Malmanger skule onsdag føremiddag. Til venstre står uskedelingen Lars Andreas Sæbø og spelar. (Foto: Ola Matti Mathisen)